



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård og Trude Flåten, Fylkesrådmannen,  
Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga.

Sak nr.: 15/8692-13

### Val av medlemmer til nemnder o.a. - valperioden 2015 - 2019

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

##### STYRET FOR FAGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

Medlem frå næringslivet:

Varamedlem:

Medlem frå næringslivet:

Varamedlem:

Medlem frå hovudutvalet for opplæring:

Varamedlem:

Medlem frå hovudutvalet for næring og kultur:

Varamedlem:

Medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen:

Varamedlem:

##### FAGOPPLÆRINGSNEMNDA

Medlemmer frå arbeidsgivarorganisasjonane:

NHO, Næringslivets Hovedorganisasjon:

Medlem nr. 1:

Varamedlem:

KS, Kommunenes Sentralforbund:

Medlem nr. 2:

Varamedlem:

VIRKE:

Medlem nr. 3:

Varamedlem:

Medlemmer frå arbeidstakarorganisasjonane:

YS, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund:

Medlem nr. 4:

Varamedlem:

LO, Landsorganisasjonen i Norge:

Medlem nr. 5:

Varamedlem:

Medlem nr. 6:

Varamedlem:

Lærerorganisasjonane:

Medlem nr. 7:

Varamedlem:

Medlem frå hovudutvalet for opplæring:

Medlem nr. 8:

Varamedlem:

Medlem frå hovudutvalet for næring og kultur:

Medlem nr. 9:

Varamedlem:

Medlemer for valperioden 2015 – 2017:

Lærling/lærekandidat:

Medlem nr. 10:

Varamedlem:

Elev:

Medlem nr. 11:

Varamedlem:

Observatør med møte- og talerett:

Frå OKSU, Opplæringskontora sitt samarbeidsutval:

Observatør:

Varaobservatør:

#### FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Som leiar vert vald:

Som nestleiar vert vald:

#### FYLKESRÅDET FOR ELDRE:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:  
Varamedlem:

Medlem:  
Varamedlem:

STAMVEGUTVALET E16:

Representant:  
Vararepresentant:

STAMVEGUTVALET E39:

Representant:  
Vararepresentant:

SAMARBEIDANDE KRAFTFYLKE:

Utsending til årsmøtet:  
Vararepresentant:

Ca. tre representantar til årsmøtekonferanse:

Representant:  
Representant:  
Representant:

Framlegg på styremedlemer:

Kandidat:  
Kandidat:

DISTRIKTSPROGRAMRÅDET:

Medlem:  
Varamedlem:

Medlem:  
Varamedlem:

Medlem:  
Varamedlem:

Medlem:  
Varamedlem:

Medlem:  
Varamedlem:

Som leiar vert vald:  
Som nestleiar vert vald:

VALMØTA I KLP:

Representant:  
Vararepresentant:

NASJONAL RASSIKRINGSGRUPPE:

Medlem:  
Varamedlem:

VASSREGIONUTVALET:

Leiar:  
Nestleiar:

Varamedlemer i rekkje:

1. varamedlem:
2. varamedlem:

VERDSARVRÅDET FOR VESTNORSK FJORDLANDSKAP OG STIFTINGA NÆRØYFJORDEN  
VERDSARVPARK:

**Verdsarvrådet:**

Representant:  
Vararepresentant:

**Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark:**

Styremedlem:  
Varamedlem:

STIFTINGA RØDE KORS NORDISK UNITED WORLD COLLEGE - RÅDET:

Representant:  
Vararepresentant:

ROVVILTNEMNDA FOR REGION 1:

Kandidat:  
Kandidat:  
Kandidat:  
Kandidat:

FORSTANDARSKAPEN FOR SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE:

**Nordfjord:**

Medlem:  
Varamedlem:

**Sunnfjord:**

Medlem:  
Varamedlem:

**Sogn:**

Medlem:  
Varamedlem:

IVAR TORKILDSSENS LEGAT – TILDELINGSUTVALET:

Medlem:  
Medlem:

STYRET I SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP:

Medlem:

Varamedlem:

INNSTILLING AV MEDLEMER TIL VERNEOMRÅDESTYRA:

**Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia - Storebotnen landskapsvernområde og naturreservata Bleia, Grånosmyrane og Nordheimsdalen:**

Kandidat:

Kandidat:

**Stølsheimen landskapsvernområde:**

Kandidat:

Kandidat:

**Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde:**

Kandidat:

Kandidat:

**Ålfotbreen landskapsvernområde:**

Kandidat:

Kandidat:

**Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde:**

Kandidat:

Kandidat:

UTSENDINGAR TIL GENERALFORSAMLINGAR:

F1 Holding AS:

Utsending:

Varautsending:

Firda Billag AS:

Utsending:

Varautsending:

Sogn og Fjordane Energi AS:

Utsending:

Varautsending:

Sogn og Fjordane Holding AS:

Utsending:

Varautsending:

Botnaneset Industriselskap AS:

Utsending:

Varautsending:

Fjord Invest Såkorn AS:

Utsending:

Varautsending:

Fjord Norge AS:

Utsending:

Varautsending:

Gulen og Masfjorden Utvikling AS:

Utsending:

Varautsending:

Innovasjon Norge AS:

Utsending:

Varautsending:

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS:

Utsending:

Varautsending:

Lutelandet utvikling AS:

Utsending:

Varautsending:

Njøs Næringsutvikling AS:

Utsending:

Varautsending:

Opplæringsfartøy AS:

Utsending:

Varautsending:

Interoperabilitetstjenester AS:

Utsending:

Varautsending:

Norsk Fjordhestsenter AS:

Utsending:

Varautsending:

Sogn og Fjordane Teater L/L:

Utsending:

Varautsending:

Mentro AS:

Utsending:

Varautsending:

Origod AS:

Utsending:

Varautsending:

In Via AS:

Utsending:

Varautsending:

Sogneprodukt AS:

Utsending:

Varautsending:

STYRET I F1 HOLDING AS:

Medlem:

STYRET I FJORD1 AS:

Styreleiar:

Medlem:

Medlem:

Medlem:

Varamedlemer i rekkje:

1. varamedlem:
2. varamedlem:
3. varamedlem:
4. varamedlem:

#### STYRET I SOGN OG FJORDANE HOLDING AS:

Styreleiar:  
Nestleiar:  
Medlem:

Varamedlemer i prioritert rekkefølge:

1. varamedlem:
2. varamedlem:
3. varamedlem:

#### STYRET I SOGN OG FJORDANE ENERGI AS:

Styreleiar:  
Varamedlem:

Medlem:  
Varamedlem:

Medlem:  
Varamedlem:

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget har i delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1 delegert til fylkesutvalet og hovudutvala å føreta val og oppnemningar, med mindre det er fastsett i lov eller forskrift at fylkestinget ikkje har høve til å delegere denne kompetansen.

Ifølgje kommunelova § 17 trer folkevalde organ i funksjon frå det tidspunktet dei er valde. Funksjonstida for organ som ikkje vert valde på det konstituerande fylkestinget, vert automatisk forlenga inntil nyval skjer. Medlemene har då både rett og plikt til å bli sitjande.

Denne saka gjeld val og innstillingar til følgjande nemnder o.a.:

- Styret for fagskulen i Sogn og Fjordane
- Fagopplæringsnemnda
- Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Fylkesrådet for eldre
- Stamvegutvala
- Samarbeidande kraftfylke
- Distriktsprogramrådet

- Valmøta i KLP
- Nasjonal rassikringsgruppe
- Vassregionutvalet
- Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Rådet til stiftinga Røde Kors Nordisk United World College
- Rovviltnemnda
- Forstandarskapen i Sparebanken Sogn og Fjordane
- Ivar Torkildsens legat - tildelingsutvalet
- Sogn og Fjordane Skogselskap
- Verneområdestyra
- Utsendingar til generalforsamlingar
- Styret i Fjord1 AS
- Styret i F1 Holding AS
- Styret i Sogn og Fjordane Holding AS
- Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Valperioden følgjer den fylkeskommunale valperioden der ikkje anna er sagt.

## **2. Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane**

Ordlyden i § 2 i vedtektene for Fagskulen, sist revidert av fylkesutvalet i sak 6/2015, er slik:

### *Organisering*

Fagskuleutdanninga i fylket skal ha eit styre som er oppretta med heimel i kommunelova § 11-1 og i lov om fagskuleutdanning § 3 fjerde avsnitt. Styret er det øvste styringsorganet for fagskuleutdanninga. Fylkestinget er det øvste politiske organet for fagskuleutdanninga.

### *Valperiode*

Valperioden for styret følgjer den fylkeskommunale valperioden. Studentrepresentanten vert vald for eitt år om gongen.

### *Samansetnad*

Styret har 7 medlemmer med personlege varamedlemmer, og skal vere samansett slik:

- to medlemmer frå næringslivet
- to politiske medlemmer frå fylkeskommunen (1 frå hovudutval for opplæring og ein frå hovudutval for plan og næring<sup>i</sup>)
- ein medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen
- ein medlem etter framlegg frå dei tilsette ved fagskuleutdanninga
- ein medlem etter framlegg frå studentane

Fylkesutvalet har valretten og vel medlemene frå næringslivet etter forslag frå deira organisasjonar.

Fylkesutvalet vel leiar og nestleiar.

Fylkesutvalet skal no velje fem styremedlemmer, to etter framlegg frå NHO Sogn og Fjordane og éin etter framlegg frå fylkesrådmannen. To styremedlemmer skal fylkesutvalet velje frå høvesvis hovudutvalet for opplæring og hovudutvalet for næring og kultur. Når det gjeld studentrepresentanten og tilsettere representanten, er det studentane og dei tilsette sjølve som vel desse, jf. fagskulelova § 3 fjerde ledd.

Reglane om kjønnsbalanse inneber at kvart kjønn skal vere representert med minst tre i styret på sju medlemmer, jf. kommunelova § 36 nr. 2. Av dei fem medlemene fylkesutvalet skal velje, bør det difor vere minst to av kvart kjønn.

---

<sup>i</sup> Som frå 20. oktober 2015 er erstatta av hovudutvalet for næring og kultur.



Fagskulestyret har i perioden 2011 – 2015 hatt denne samansetnaden når ein ser vekk frå studentrepresentanten, som altså vert vald for berre eitt år om gongen:

Medlem frå næringslivet: Ingelin Skadal  
Varamedlem: Peter Midthun

Medlem frå næringslivet: Anne Karin Lysne  
Varamedlem: Leif Arne Åsen

Medlem frå hovudutvalet for opplæring: Per Kjøllesdal  
Varamedlem: Alfred Bjørlo

Medlem frå hovudutvalet for plan og næring: Jorunn Eide Kirketeig  
Varamedlem: Olav Klungre

Medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen: Siri Merete Nedland  
Varamedlem: Ingeborg Lie Fredheim

Tilsettere representant: Eilert Årseth  
Varamedlem: Tor Åge Gravdal

Leiar har vore Jorunn Eide Kirketeig, medan Per Kjøllesdal har vore nestleiar.

### **2.1 Framlegg:**

NHO Sogn og Fjordane har gjort slikt framlegg om styremedlemer frå næringslivet:

Medlem: Wenche Eldegard, fabrikk sjef Hydro Høyanger  
Varamedlem: Agnar Hellenes, Hellenes AS

Medlem: Bjørn Hollevik, Flora Industri- og Næringsforening  
Varamedlem: Anne van Oorschot, ReNorway

Fylkesrådmannen gjer slikt framlegg om styremedlemer frå administrasjonen:

Medlem: Jan Heggheim  
Varamedlem: Rolf Årdal

## **3. Fagopplæringsnemnda**

I opplæringslova står det følgjande om oppnemning av fagopplæringsnemnda:

### **§ 12-3. Yrkesopplæringsnemnder og yrkesutval**

Fylkeskommunen nemner opp yrkesopplæringsnemnd med oppgåver etter §§ 4-3, 12-3 og 12-4.

*Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemer som til saman skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål. Det skal i alle høve nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda. Dessutan skal det nemnast opp minst éin representant for elevar, lærlingar eller lærekandidatar etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda.*

*Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Representantane for elevane, lærlingane og lærekandidatane blir oppnemnde for to år om gongen....*

*Kommunelova § 14 nr. 1 bokstav a gjeld ikkje for oppnemning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda.*

Fylkestinget gjorde i FT-sak 30/07 slikt vedtak:

1. Fagopplæringsnemnda vert sett saman av representantar for arbeidstakarorganisasjonane, arbeidsgjevarorganisasjonane og det offentlege utdanningssystemet. Arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantane skal til saman utgjere fleirtalet i nemnda. Fagopplæringsnemnda konstituerer seg sjølv.
2. Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane skal ha 11 faste medlemmer, i tillegg til 1 observatør
  - a) Representasjon for faste medlemmer, der organisasjonane foreslår sine medlemmer og varamedlemmer:
    - 1 representant frå NHO
    - 1 representant frå KS
    - 1 representant frå HSH (no Virke)
    - 1 representant frå YS
    - 2 representantar frå LO
    - 1 representant frå lærarorganisasjonane
    - 2 politikarar
    - 1 lærling-/lærekandidatrepresentant
    - 1 elevrepresentant
  - b) Representasjon for observatør med møte- og talerett:
    - 1 representant frå OKSU (Opplæringskontora sitt samarbeidsutval)
3. Nemnda skal velje eit arbeidsutval på tre medlemmer.
4. Dei politiske representantane skal veljast frå hovudutval for opplæring og hovudutval for plan og næring.
5. Fagopplæringsnemnda skal vere fagorgan for hovudutvala i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa.”

I samsvar med ovannamnde har fylkesrådmannen bede om forslag på medlemmer og observatør. Det har kome slike framlegg:

- NHO, Næringslivets Hovedorganisasjon:  
Medlem: Jan Atle Stang  
Varamedlem: Marit Gjerstad
- KS, Kommunenes Sentralforbund:  
Medlem: Gunnlaug Olsvold Røed  
Varamedlem: Rita Lilletvedt.
- VIRKE (tidlegare Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon):  
Medlem: Hans-Jacob Sunde  
Varamedlem: Ole Stubhaug
- YS (Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund) v/ Delta:  
Medlem: Hildegunn Tretteteig  
Varamedlem: Ståle Randal
- LO, Landsorganisasjonen i Norge:  
Medlem: Nils P. Støyva  
Varamedlem: Øyvind Åsarmoen Møller  
Medlem: Eli Grov Østerbø  
Varamedlem: Anne Kristin Førde
- Lærarorganisasjonane:  
Medlem: Alf Reidar Myrstad  
Varamedlem: Hilde Kvamsås Aa

- Lærling-/lærekandidat:  
Medlem: Pia Vee Høl  
Varamedlem: Niklas Våtevik
- OKSU, Opplæringskontora sitt samarbeidsutval:  
Observatør: Jan Erik Øygard  
Vara: Jorunn Eide Kirketeig
- Elevrepresentant:  
Joakim Gram Haugum  
Vararepresentant:  
..... (Ikkje klår. Vil kanskje vere klår til møtet).

Dei to politiske representantane skal veljast frå høvesvis hovudutvalet for opplæring og hovudutvalet for næring og kultur. Reglane om kjønnsbalanse inneber at kvart kjønn skal vere representert med minst fem medlemmer i nemnda, jf. kommunelova § 36 nr. 2. Dei to folkevalde bør ut frå dette vere av kvart sitt kjønn.

I samband med oppnemning av nye medlemmar har NHO Sogn og Fjordane og LO Sogn og Fjordane kome med innspel til oppgåver og funksjon for fagopplæringsnemnda. Fylkesrådmannen er positiv til ønsket frå NHO og LO om auka merksemd til arbeidet i nemnda. I det som vert omtala som «Rogalandsmodellen» er talet medlemmer i nemnda redusert og nemnda er leia av fylkesordføraren. I tillegg omhandlar modellen delegering av vedtaksmynde. Fylkesrådmannen meiner det prinsipielt ikkje er rett å delegere vedtaksmynde til organ utan politisk fleirtal/styring. I tillegg er områda som er delegert i Rogaland saker utan skjønnsutøving. Mellom anna blir det i Sogn og Fjordane handsama 550 – 700 lærekontraktar i året. Ei delegering av denne saks-handsaminga vil bety ei forseinking og byråkratisering av arbeidet. Fylkesrådmannen kan utgreie dette nærare om fylkesutvalet ønskjer det.

#### **4. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er ei lovpålagd nemnd som skal arbeide for at menneske med funksjonsnedsetjingar vert sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet er eit rådgivande organ.

Ifølgje reglementet, sist revidert i FT-sak 18/15, skal rådet ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer og vere samansett slik:

- to fylkestingsrepresentantar
- tre representantar for fylkesomfattande organisasjonar for funksjonshemma

Fylkesutvalet skal velje leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemmer av fylkestinget. Representantane for organisasjonar for funksjonshemma vert valde etter framlegg frå desse.

Reglane om kjønnsbalanse i kommunelova § 36 nr. 2 inneber at kvart kjønn skal vere representert med minst to medlemmer.

Det eksisterer to paraplyorganisasjonar for funksjonshemma; Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, FFO, og Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar, SAFO. FFO har 77 medlemsorganisasjonar med totalt ca. 335 000 medlemmer, medan SAFO har tre medlemsorganisasjonar med til saman rundt 24 000 medlemmer.

Fylkesrådet har i valperioden 2011 – 2015 vore samansett slik:

- |             |  |
|-------------|--|
| Medlem:     | Norunn Lunde Furnes                        |
| Varamedlem: | Ragnar Eimhjellen                          |
| Medlem:     | Odd Atle Stegegjerdet                      |
| Varamedlem: | Randi Rønnekleiv Melvær                    |
| Medlem:     | Solfrid Fossberg (etter framlegg frå SAFO) |
| Varamedlem: | Gry Sætre                                  |

Medlem: Solfrid Lillebø (etter framlegg frå FFO)  
Varamedlem: Gerd Bjørkedal

Medlem: Geir Liavåg Strand (etter framlegg frå FFO)  
Varamedlem: Alfred Brusegard

Leiar: Norunn Lunde Furnes  
Nestleiar: Odd Atle Stegegjerdet

#### **4.1 Framlegg frå organisasjonane for funksjonshemma for valperioden 2015 - 2019:**

- FFO Sogn og Fjordane har gjort slik framlegg:

Medlem: Wenche Røkenes (Norsk Forening for Tuberøs Sklerose)  
Varamedlem: Anita Æsøy (Norsk Revmatikerforening)

Medlem: Magnus Strand (Blindforbundet)  
Varamedlem: Geir Liavåg Strand (Norges Astma- og Allergiforbund)

FFO har i tillegg lansert tre andre aktuelle varamedlemer:

Synnøve Solhaugen Engen (Hørselshemmedes Landsforbund)  
Linda Blålid (Cerebral Parese-foreningen)  
Gunnar Ekeland (Diabeterforbundet)

- SAFO Nord Vest har gjort slikt framlegg:

Medlem: Bente Underthun, NFU (Norsk Forbund for Utviklingshemmede) Sogn og Fjordane  
Varamedlem: Eldbjørg Lie, NFU Sogn og Fjordane

## **5. Fylkesrådet for eldre**

I kvar fylkeskommune skal det vere eit eldreråd som skal handsame alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Ifølgje reglementet for eldrerådet, sist revidert av fylkestinget i sak 18/15, skal rådet ha fem medlemmer med personlege varamedlemer. Fleirtalet av rådsmedlemene, dvs. minst tre, skal vere alderspensjonistar i fylket. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar blant alderspensjonistane.

Reglane om kjønnsbalanse i kommunelova § 36 nr. 2 inneber at kvart kjønn skal vere representert med minst to medlemmer.

Reglementet gir fylkespensjonistforeningar rett til å kome med framlegg til medlemmer.

Fylkesrådet for eldre har i valperioden 2011 – 2015 vore samansett slik:

Medlem: Anita Nybø  
Varamedlem: Claus Kvamme

Medlem: Rønnaug Holmøy, frå 2011 – 2014  
Varamedlem frå 2011 – 2014 og medlem frå 2014 – 2015: Anna Sofia Skaar

Medlem: Harald Ekroll  
Varamedlem: Arne Rognaldsen

Medlem: Kristoffer Skjolden  
Varamedlem: Astrid Martinsen

Medlem: Eivind Skjerven  
Varamedlem: Grete Eltvik

Leiar: Eivind Skjerven  
Nestleiar: Rønnaug Holmøy/Harald Ekroll

### **5.1 Framlegg frå pensjonistforeiningar for valperioden 2015 - 2019:**

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane har fremja slikt forslag:

Medlem: Anna Sofia Skaar  
Varamedlem: Kolbjørn Kastet

Postpensjonistane i Sogn og Fjordane har fremja slikt forslag:

Medlem: Harald Ekroll  
Varamedlem: Arne Rognaldsen

Fagforbundet Sogn og Fjordane, v/pensjonistutvalet, har fremja slikt forslag:

Medlem: Kristoffer Skjolden  
Varamedlem: Astrid Martinsen

I tillegg har Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane, som ikkje har forslagsrett, gjort framlegg om Aud Karin Netland og Per-Atle Holmøyvik som medlemmer. Flora Pensjonistlag, som heller ikkje har forslagsrett, har gjort framlegg om Arne Rognaldsen som medlem og Ragnar Kristiansen som varamedlem.

## **6. Stamvegutvala**

- i. **E16:** Stamvegutvalet for E16 har i brev av 06.10.d.å. bede dei tre medlemsfylka og medlemskommunane om å oppnemne sine representantar/vararepresentantar. Kvar medlem skal velje éin representant og éin vararepresentant.

I brevet heiter det at «vi ser gjerne at kommunene velger ordførerne, og at fylkeskommunene velger fylkesordførerne, evt. leder i samferdselsstyret mv.».

Møteverksemda er avgrensa til 1-2 møte årleg, og 3-4 møte i arbeidsutvalet (som regel telefonmøte).

Fylkeskommunen sin representant i perioden 2011 – 2015 har vore Åshild Kjelsnes. Vararepresentant har vore Karen Marie Hjelmeseter.

- ii. **E39:** Fylkesutvalet må også velje éin representant og éin vararepresentant til stamvegutvalet E39 i Sogn og Fjordane. Representant i perioden 2011 – 2015 har vore Jenny Følling. Vararepresentant har vore Åshild Kjelsnes.

## **7. Samarbeidande Kraftfylke – årsmøte og styre**

Samarbeidande Kraftfylke er no ei eiga interesseforeining med eigne vedtekter. Det er elleve medlemsfylke i foreininga.

Fylkesutvalet skal velje éin delegat til årsmøtet (9. mars) og kome med framlegg på to kandidatar, ein av kvart kjønn, til styret. Det er årsmøtet som vel nytt styre etter framlegg frå valnemnda.

Styret i Samarbeidande Kraftfylke skal bestå av 5-8 representantar og vert vald blant folkevalde med sentral posisjon i medlemsfylka, t.d. medlemmer i fylkesutvala. Ifølgje vedtektene skal medlemsfylka så langt som mogleg vere representert i styret minst annankvar valperiode. Det inneber at styret denne valperioden bør ha medlemmer frå fylkeskommunane Nordland, Hordaland, Vest-Agder og Oppland. Resten av styret vert vald etter skjøn.

I samband med årsmøtet i mars vert det arrangert ein årsmøtekonferanse der medlemsfylka kan stille med inntil fire representantar. I brev frå Samarbeidande Kraftfylke av 12.10.15 vert

det oppmoda om at éin av deltakarane kjem frå administrasjonen. Fylkesutvalet bør difor velje inntil tre representantar til årsmøtekonferansen.

I 2011 valde fylkesutvalet Åshild Kjelsnes, Jenny Følling og Bjørn Hollevik som utsendingar til årsmøtet og kom med framlegg på Jenny Følling, Bjørn Hollevik og Henrik Oppen som styremedlemer. Følling vart vald inn i styret.

## **8. Distriktsprogramrådet**

I kringkastingslova heiter det i § 7-3:

“Distriktsprogramrådene skal uttale seg om hovedlinjene i programvirksomheten ved distriktskontorene og i de programsaker som kringkastings sjefen eller lederen for distriktskontoret forelegger eller som rådet finner grunn til å ta opp.

Kringkastings sjefen og lederen for distriktskontoret kan innhente rådets uttalelse i administrative og økonomiske saker.

Det skal være ett distriktsprogramråd for hvert distriktskontor.

Distriktsprogramrådet skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer oppnevnt av fylkestinget for fire år. Et medlem kan bare gjenoppnevnes for én periode.”

Medlemer i Distriktsprogramrådet i perioden 2011 – 2015 har vore:

Medlem: Karoline Bjerkeset  
Varamedlem: Bjørg Bergheim

Medlem: Karianne Torvanger frå 2011 til 2012

Medlem: Monica Oppedal frå 2012 til 2015  
Varamedlem: Torbjørn Vereide

Medlem: Ingvar Torsvik Myrvollen  
Varamedlem: Marius Reiakvam

Medlem: Jan Taule  
Varamedlem: Bjørn Harald Haugsvær

Medlem: Hilde Kvamsås Aa  
Varamedlem: Magne Årdal

Leiar: Karianne Torvanger frå 2011 til 2012. Monica Oppedal frå 2012 til 2015.  
Nestleiar: Hilde Kvamsås Aa

Av desse er Hilde Kvamsås Aa ikkje valbar, då ho har vore medlem i rådet i to periodar. Dei andre er valbare.

Fylkesutvalet skal også velje leiar og nestleiar.

## **9. Valmøta i KLP**

Ifølgje § 3-3 (3) i vedtektene for Kommunal Landspensjonskasse skal den einskilde valkrinsen i selskapet velje utsendingar til generalforsamlinga. I kvar valkrins vert det halde valmøte for val av krinsen sine utsendingar innan utløpet av mars månad annakvart år.

Saman med kommunane i fylket utgjer Sogn og Fjordane fylkeskommune éin valkrins. Kvar av kommunane og fylkeskommunen har rett til å vere representert med éin representant kvar i valmøtet.

Fylkesutvalet skal no velje fylkeskommunen sin representant i valmøta. Det bør også veljast vararepresentant.

Til valmøta i førre valperiode gjorde fylkesutvalet slikt val:

Representant: Åshild Kjelsnes

Vararepresentant: Jenny Følling

## **10. Nasjonal rassikringsgruppe**

Nasjonal rassikringsgruppe ber i brev dagsett 22.09.d.å. om at kvar fylkeskommune vel éin medlem og éin varamedlem til gruppa for perioden 2015 - 2019. Leiaren i rassikringsgruppa ser det som ein stor fordel om så mange som mogleg av dei noverande medlemene vert attvalde.

Medlem i perioden 2011 - 2015 var Åshild Kjelsnes, som også var leiar. Varamedlem var Arnstein Menes.

## **11. Vassregionutvalet**

I møte 19.10.10, sak 47/10, oppretta fylkestinget vassregionutvalet for Sogn og Fjordane, jf. vassforskrifta § 22. Utvalet har i valperioden 2011 - 2015 hatt to representantar frå fylkeskommunen; leiaren og nestleiaren. I tillegg har utvalet representantar frå kommunane og ei rekkje statlege instansar.

Fylkesutvalet gjorde slikt val av fylkeskommunen sine representantar i utvalet for valperioden 2011 - 2015:

Leiar: Karen Marie Hjelmeseter

Vararepresentant: Bjørn Hollevik

Representant: Jorunn Eide Kirketeig

Vararepresentant: Rita Navarsete

No skal fylkesutvalet velje fylkeskommunen sine representantar for valperioden 2015 - 2019, leiaren og nestleiaren. Erfaringa frå den siste valperioden viser at det ikkje bør vere personlege varamedlemer, men to varamedlemer i rekkjefølgje.

## **12. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og styret for stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark**

**Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap:** Naturarven Vestnorsk fjordlandskap ved Nærøyfjorden og Geirangerfjorden vart innskriven på UNESCO si verdsarvliste i 2005. Samarbeidsorganet Verdsarvrådet vart etablert i 2006.

Ifølgje retningslinene for Verdsarvrådet skal fylkesordførarane i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland vere dei tre fylkeskommunane sine representantar i rådet.

I førre valperiode valde fylkesutvalet (likevel) Jenny Følling til fylkeskommunen sin representant. Anna Avdem vart vald til vararepresentant.

**Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark:** Stiftinga vert leia av eit styre på ni personar. Kvar av dei fem opprettarane av stiftinga peikar ut éin styremedlem kvar. Dei fire andre medlemene vert peika ut av parkmøtet (eit årleg allmøte i stiftinga). Kvar styremedlem vert vald for to år om gongen.

I 2011 valde fylkesutvalet Jenny Følling som fylkeskommunen sin styremedlem og Anna Avdem som varamedlem. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at fylkesutvalet føretok nytt val i 2013.

**Generelt:** Dei fem opprettarane av stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark er gjennomgåande representert i styret for stiftinga og i Verdsarvrådet med same person. Ifølgje brev frå den daglege leiaren i Nærøyfjorden Verdsarvpark av 18.09.d.å. har dette vist seg å vere nyttig og føremålstenleg. Vidare heiter det i brevet at ei ideell tilnærming inneber at vedkomande også bør representere fylkeskommunen i verneområdestyret for Nærøyfjorden landskapsvernområde (sjå nærmare under i pkt. 18).

### **13. Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College - rådet**

Fylkesutvalet skal velje éin representant til rådet for stiftinga for ein periode på fire år.

Rådet, som tel inntil 25 personar, møter minst éin gong i året. Rådet fører tilsyn med styret og rektor si forvaltning av stiftinga og skal uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga. Rådet vel også delar av styret.

Fylkesutvalet valde i sak 20/14 Åshild Kjelsnes som representant til rådet for resten av valperioden. Jenny Følling vart vald til vararepresentant.

### **14. Rovviltnemnda for region 1**

Dei åtte regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for forvaltninga av rovvilt innanfor sin region. Nemndene er underlagde Klima- og miljødepartementet sin instruksjons- og organisasjonsmynde.

Rovviltnemnda for region 1 omfattar Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder. Nemnda skal ha fem faste medlemmer og seks varamedlemmer. Av desse skal to faste medlemmer og to varamedlemmer kome frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Klima- og miljøverndepartementet ber i brev av 15.10.15 fylkeskommunane om å kome med framlegg på éin kvinneleg og éin mannleg kandidat for kvar medlem frå fylkeskommunen. Alle kandidatane skal ha fast plass i fylkesutvalet.

Fylkesutvalet skal såleis gjere framlegg om fire kandidatar. Av desse skal to vere kvinner og to menn.

Departementet vil etter forslag frå fylkeskommunane oppnemne nye medlemmer med sikte på at dei nye nemndene skal konstituere seg ved årsskiftet.

Medlemmer frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag er Noralv Distad (leiar) og Marit Barsnes Krogsæter. Varamedlemmer er Nils P. Støyva og Jenny Følling.

### **15. Forstandarskapen i Sparebanken Sogn og Fjordane**

Sparebanken Sogn og Fjordane sitt forstandarskap skal ha 45 medlemmer og 13 varamedlemmer.

Ifølgje § 3-3 i vedtektene skal fylkeskommunen velje tre medlemmer og tre varamedlemmer til forstandarskapen. Desse skal representere kommunane i fylket slik:

- Nordfjord: Kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Hornindal, Stryn og Gloppen: Éin medlem og éin varamedlem.
- Sunnfjord: Kommunane Flora, Naustdal, Førde, Jølster, Askvoll, Fjaler og Gaular: Éin medlem og éin varamedlem.
- Sogn: Kommunane Solund, Hyllestad, Høyanger, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland, Vik og Gulen: Éin medlem og éin varamedlem.



I e-post av 16.10.15 har Sparebanken Sogn og Fjordane bede om at fylkeskommunen føretek nyval for perioden 2016 – 2019.

Styremedlemer og revisorar i Sparebanken Sogn og Fjordane kan ikkje veljast. Det kan heller ikkje personar som har bu under konkurshandsaming, akkordforhandling eller privat administrasjon. Tenestemenn i Sparebanken Sogn og Fjordane er heller ikkje valføre.

Fylkesutvalet gjorde slikt val for perioden 2011 – 2015:

Frå Nordfjord:

Medlem: Karoline Bjerkeset  
Varamedlem: Olaug Solheim Rotihaug

Frå Sunnfjord:

Medlem: Harald Kvame  
Varamedlem: Sjur Hage

Frå Sogn:

Medlem: Finn B. Før Sund  
Varamedlem: Karen Marie Rutle Fjærestad

## **16. Ivar Torkildsens legat – tildelingsutvalet**

Legatet utdeler midlar til «trengende vanføre», fortrinnsvis born og yngre personar, heimehøyrande i Hordaland eller Sogn og Fjordane, med sikte på at dei betre skal kunne klare seg sjølve.

Tildelingsutvalet er samansett av éin medlem vald av Bergen kommune, to medlemer valde av Hordaland fylkeskommune og to medlemer valde av Sogn og Fjordane fylkeskommune. I brev av 10. oktober 2015 ber legatforstandar August Rathke om at fylkeskommunen vel medlemer for perioden 2016-2019.

Fylkesutvalet gjorde slikt val for perioden 2011 – 2015:

Medlem: Aleksander Øren Heen  
Medlem: Elin Merete Førde

## **17. Styret i Sogn og Fjordane Skogselskap**

Sogn og Fjordane Skogselskap har som føremål å fremje forståing for skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk.

Skogselskapet har eit styre på fem medlemer. Sogn og Fjordane fylkeskommune vel éin medlem med varamedlem. Dei fire andre medlemene vert valde av årsmøtet. Styret skal ta vare på Skogselskapet sine interesser, ta hand om midlar og eigedomar og fremje Skogselskapet sine føremål på beste måte.

Sogn og Fjordane Skogselskap har i brev av 17.02.2015 bede om at fylkeskommunen vel styremedlem og varamedlem for neste periode.

Medlem i styret i perioden 2012 – 2015 har vore Ingrid Ness. Varamedlem har vore Jorunn Eide Kirketeig.

## **18. Verneområdestyra**

I brev av 11.09.15 ber Miljødirektoratet fylkeskommunen om å innstille nye representantar til nasjonalpark- og verneområdestyra som forvaltar verneområda i fylket.

Fylkeskommunen skal vere representert i styra med éin medlem. For kvart styre skal fylkesutvalet innstille éi kvinne og éin mann blant dei faste medlemene i fylkestinget.

Miljødirektoratet peikar ut medlemmer til styra på bakgrunn av forslag frå kommunane og fylkeskommunane. Det går fram av vedtektene at oppnemningsperioden følgjer valperioden for fylkestinget.

### **Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia - Storebotnen landskapsvernområde og naturreservata Bleia, Grånosmyrane og Nordheimsdalen**

Følgjande verneområde inngår i verneplanen:

- Nærøyfjorden landskapsvernområde i kommunane Aurland, Vik og Voss.
- Bleia - Storebotnen landskapsvernområde i kommunane Aurland og Lærdal.
- Bleia naturreservat i Lærdal kommune.
- Grånosmyrane naturreservat i kommunane Aurland og Voss.
- Nordheimsdalen naturreservat i Aurland kommune.

Medlem frå fylkeskommunen i perioden 2012 – 2015 har vore Eva Hage Solstad. Alexander Øren Heen har vore varamedlem.

### **Stølsheimen landskapsvernområde**

Stølsheimen landskapsvernområde i kommunane Høyanger, Modalen, Vaksdal, Vik og Voss inngår i verneplanen for Stølsheimen.

Medlem frå fylkeskommunen i perioden 2012 – 2015 har vore Karen Marie Hjelmeseter. Henrik Oppen har vore varamedlem.

### **Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde**

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i kommunane Førde, Gloppen, Jølster og Naustdal inngår i verneplanen for Naustdal-Gjengedal.

Medlemer frå fylkeskommunen i perioden 2012 – 2015 har vore Jorunn Eide Kirketeig. Olav Klungre har vore varamedlem.

### **Ålfotbreen landskapsvernområde**

Ålfotbreen landskapsvernområde i kommunane Bremanger, Flora og Gloppen inngår i verneplanen for Ålfotbreen.

Medlemer frå fylkeskommunen i perioden 2012 – 2015 har vore Anita Nybø. Bjørn Hollevik har vore varamedlem.

### **Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde**

Jotunheimen nasjonalpark i kommunane Lom, Luster, Vang, Vågå og Årdal og Utladalen landskapsvernområde i kommunane Luster og Årdal inngår i verneplanen for Jotunheimen.

Medlemer frå fylkeskommunen i perioden 2012 – 2015 har vore Frida Melvær. Aleksander Øren Heen har vore varamedlem.

## **19. Utsendingar til generalforsamlingar**

Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til fylkesutvalet når eigarposten er minst kr 100 000 og som hovudregel til

fylkesrådmannen når eigarposten er under kr 100 000, jf. delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1.

I sak 101/12 vedtok fylkesutvalet at det skal vere politisk vald utsending til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater LL trass i at eigarposten er mindre enn kr 100 000.

Fylkeskommunen eig 100 prosent av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS. Det er difor naturleg at det er politisk vald utsending i dette selskapet også, trass i at aksjekapitalen er redusert til kr 30 000.

For Fjord1 AS sitt vedkomande er det fastsett i vedtektene til F1 Holding AS at fylkesordføraren representerer F1 Holding AS på generalforsamlinga og eigarmøte i Fjord1 AS.

Når det gjeld eigarrepresentanten sine oppgåver og representanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen, syner fylkesrådmannen til Eigarmeldinga 2015, punkt 2.4 og 3.8.

Elles minnar fylkesrådmannen om fylkestinget sitt vedtak om å starte prosess med avvikling av eigarskapen i Botnaneset Industriselskap AS, Njøs næringsutvikling AS, Firda Billag AS og Norsk Fjordhestsenter AS, sjå sak 33/14 og sak 36/15.

Eigarutsendingar til aksjeselskap er no:

F1 Holding AS:

Utsending: Tore Eriksen

Varautsending: Paal Fosdal

Firda Billag AS:

Utsending: Åshild Kjelsnes

Varautsending: Jenny Følling

Sogn og Fjordane Energi AS:

Utsending: Åshild Kjelsnes

Varautsending: Jenny Følling

Sogn og Fjordane Holding AS:

Utsending: Åshild Kjelsnes

Varautsending: Jenny Følling

Botnaneset Industriselskap AS:

Utsending: Jenny Følling

Varautsending: Nils P. Støyva

Fjord Invest Sårkorn AS:

Utsending: Åshild Kjelsnes

Varautsending: Jenny Følling

Fjord Norge AS:

Utsending: Åshild Kjelsnes

Varautsending: Jenny Følling

Gulen og Masfjorden Utvikling AS:

Utsending: Åshild Kjelsnes

Varautsending: Jenny Følling

Innovasjon Norge AS:

Utsending: Åshild Kjelsnes

Varautsending: Anders Ryssdal

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS:

Utsending: Hilmar Høl

Varautsending: Karen Marie Hjelmeseter

Lutelandet utvikling AS:

Utsending: Åshild Kjelsnes

Varautsending: Jenny Følling

Njøs Næringsutvikling AS:

Utsending: Bjørn Birger Bremer.

Varautsending: Lars Hustveit

Desse er utpekt av fylkesrådmannen, men eigarposten tilseier at valet skal gjerast av fylkesutvalet.

Opplæringsfartøy AS:

Utsending: Karianne Torvanger

Varautsending: Henrik Oppen

Interoperabilitetstjenester AS:

Fylkeskommunen kjøpte aksjar i Interoperabilitetstjenester AS i 2012. Det er ikkje vald eigarutsending for dette selskapet i fylkestingsperioden 2011-2015.

Norsk Fjordhestsenter AS:

Utsending: Ingebjørg Erikstad

Varautsending: Svein Arne Skuggen Hoff

Desse er utpekt av fylkesrådmannen, men eigarposten tilseier at valet skal gjerast av fylkesutvalet.

Sogn og Fjordane Teater L/L:

Utsending: Nils Gjerland

Varautsending: Jan Olav Fretland

Mentro AS (tidlegare Firda Produkt AS):

Utsending: Jorunn Eide Kirketeig

Varautsending: Bjørg Bergheim

Origod AS:

Utsending: Marit Barsnes Krogsæter

Varautsending: Helen Hjertaas

In Via AS (tidlegare Sandane Industri L/L)

Utsending: Nils P. Støyva

Varautsending: Klaus Iversen

Sogneprodukt AS:

Utsending: Jan Olav Fretland

Varautsending: Rita Navarsete

## **20. Styret i F1 Holding AS**

F1 Holding AS eig 59 prosent av aksjane i Fjord1 AS. Det følgjer av vedtektene at selskapet skal ha eit styre med éin medlem. I styre med éin medlem vert medlemen rekna som styreleiar, jf. aksjelova § 6-1 andre ledd. Det har tidlegare vore underforstått at valperioden er fire år og såleis i det vesentlege samanfallande med den fylkeskommunale valperioden.

Utpeiking av styrerepresentantar er handsama i Eigarmeldinga 2015, punkt 2.5.

Fylkesutvalet valde i sak 15/15 Jan Øhlckers som styremedlem og styreleiar i F1 Holding AS for resten av valperioden 2011 - 2015.

## **21. Styret i Fjord1 AS:**

Fylkesutvalet peikar ut medlemene til styret i Fjord1 AS gjennom eigarposten i F1 Holding AS.

Det går fram av aksjonæravtalen at fylkeskommunen peikar ut fire medlemmer til styret, inkludert styreleiar. Varamedlemene i styret har dei siste valperiodane vore valde i rekkje. Valperioden er formelt to år. Det har likevel vore underforstått at valperioden er fire år og såleis i det vesentlege samanfallande med den fylkeskommunale valperioden.

Fylkesrådmannen syner elles til Eigarmeldinga 2015, punkt 2.5, om utpeiking av styrerepresentantar.

Då den fylkeskommunale eigarposten i selskapet er mindre enn to tredjedelar, gjeld ikkje reglane i aksjelova om kjønnsrepresentasjon, jf. kommunelova § 80 a.

Styremedlemer utpeika av fylkeskommunen per i dag er:

Styreleiar: Reidar Jørgen Sandal  
 Medlem: Heidi Kathrin Osland  
 Medlem: Nils Sandal  
 Medlem: Lars Birkeland

Varamedlemer i rekkje:

1. Arve Helle
2. Jan Herstad
3. Klaus Iversen
4. Bjørn Hollevik

## **22. Styret i Sogn og Fjordane Holding AS**

Sogn og Fjordane Holding AS vart etablert av fylkeskommunen som eineigar for eventuell forvaltning av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS. Aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS er framleis eigd direkte av fylkeskommunen.

Selskapet skal ha eit styre med tre medlemmer og tre varamedlemer i prioritert rekkjefølgje. Fylkesutvalet gjev tilråding til generalforsamlinga om val av styre. Valperioden er to år.

Fylkesutvalet peika ut kandidatar til styret for Sogn og Fjordane Holding AS for perioden juni 2014 til juni 2016 i sak 64/14. Det må nemnast opp nye representantar før generalforsamlinga i 2016. Val av kandidatar kan gjerast for fylkestingsperioden.

Selskapet er heileigd av fylkeskommunen. Dette medfører at lovkravet til kjønnsrepresentasjon i styre gjeld for selskapet, sjå kommunelova § 80a første ledd, jf. aksjelova § 20-6 første ledd. I styre med tre medlemmer skal begge kjønn vere representert. Reglane gjeld tilsvarande ved val av varamedlemer.

Fylkesrådmannen syner elles til Eigarmeldinga 2015, punkt 2.5, om utpeiking av styrerepresentantar.

Fylkesutvalet peika ut følgjande kandidatar som medlemmer i styret for Sogn og Fjordane Holding AS for perioden juni 2014 til juni 2016:

Styreleiar: Åshild Kjelsnes  
 Nestleiar: Anders Ryssdal  
 Medlem: Noralv Distad

Varamedlemer i prioritert rekkefølge:

1. Varamedlem: Nils P. Støyva
2. Varamedlem: Anita Nybø

3. Varamedlem: Marit Barsnes Krogsæter

### **23. Sogn og Fjordane Energi AS**

Styret i selskapet skal ha frå åtte til ni medlemmer med like mange personlege varamedlemer. Inntil seks medlemmer skal veljast av generalforsamlinga og inntil tre skal veljast av og mellom dei tilsette.

Generalforsamlinga vel for to år av gongen tre medlemmer av ein valkomité som skal vere representantar for aksjeeigarane, sjå vedtektene § 9. Valkomitèen skal gje innstilling til generalforsamlinga om val av aksjonærvalde styremedlemer og varamedlemer.

Fylkesutvalet skal peike ut tre representantar med personleg varamedlemer som kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Energi AS for perioden juni 2016 til juni 2018. Kandidatane kan peikast ut for fylkestingsperioden. Då kan valkomiteen legge same vedtak til grunn også for neste valperiode.

Fylkeskommunen og kommunane eig til saman mindre enn to tredjedelar av aksjane i selskapet. Dette medfører at lovkravet til kjønnsrepresentasjon ikkje gjeld, jf. kommunelova § 80a første ledd. Sidan Sogn og Fjordane Energi AS i praksis er eit offentleg eigd selskap, legg fylkesrådmannen til grunn at valkomitèen likevel bør freiste å følgje reglane om kjønnsbalanse når det gjeld dei seks offentleg oppnemnde styremedlemene.

Fylkesrådmannen syner elles til Eigarmeldinga 2015, punkt 2.5, om utpeiking av styrerepresentantar.

Styremedlemer utpeika av fylkesutvalet for perioden juni 2014 til juni 2016 er:

Styreleiar: Per Atle Kjøllesdal  
Varamedlem: Karen Marie Hjelmeseter

Styremedlem: Arvid Bjarne Lillehaug  
Varamedlem: Nils P. Støyva

Styremedlem: Olin Johanne Henden  
Varamedlem: Svein Ottar Sandal

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)